



Det kongelige Klima- og miljødepartement
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Dato: 28.08.2014
Vår ref.: 2014/18678-2
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.: 14/2213

Høyringsuttale - forskrifter knytt til tilskotsordningar under Klima- og miljødepartementet

Vi viser til høyringsbrev datert 30.06.2014 med høyring av forslag til 12 nye forskrifter for tilskotsordningar under Klima- og miljødepartementet.

Ifølgje høyringsbrevet er det behov for ei oppdatering av regelverket kring tilskotsordningane, blant anna som oppfølging av Riksrevisjonen sin forvaltningsrevisjon av tilskotsordningar innan naturforvaltning og friluftsliv i 2013 (Dok. 3:13 (2012-2013)). Ifølgje høyringsbrevet består oppdateringane, forutan utforminga av forskrifter, i hovudsak av forenkling, forbetring av språk og generell oppdatering, mens hovudinnhald og ambisjonsnivå i dagens regelverk er uendra. Det vil seie at formål for den enkelte tilskotsordninga, målgruppe og tildelingskriterium er dei same som i dag. Ifølgje høyringsbrevet er det eit mål at regelverket skal vere sjølvforklarande, og det er difor ikkje utarbeidd tilhøyrande retningsliner. I høyringsbrevet er det opplyst om at det har vore eit viktig skritt i forenklinga av søknadsprosessen at alle søknader skal gå gjennom Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter.

Vi har vurdert forslaga til forskrifter for tilskotsordningar der fylkeskommunen er søknadmottakar, dvs forslag nr. 4 (tilskot til friluftslivsaktivitet), nr. 6 (tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde) og nr. 12 (tilskot til lokale vilttiltak).

Generelle merknader

Vi er positive til å gjere regelverket kring tilskotsordningane enklare og meir oppdatert. For fleire av tilskotsordningane er det krav om god samordning mellom fylkesmann og fylkeskommune om bruken av tilskotsmidlane. For søknadshandsaminga i fylkeskommunen, medrekna samordning med fylkesmannen, kan vi ikkje sjå noko stor forbetring/forenkling i forslaga til forskrifter. Det går ikkje fram av høyringsdokumenta (høyringsbrevet) kva evt medverknad det har vore frå fylkeskommunane under forarbeidet med høyringsforslaga.

Merknader til forskrifter

Nr 4: Forskrift om tilskot til friluftslivsaktivitet

Ingen merknader.

Nr 6: Forskrift om tilskot til tiltak i statleg sikra friluftslivsområde**§ 2 (Tildelingskriteria)**

Under tildelingskriteria og aktuelle tiltak står det nemnt fiskeplassar og badeplass som døme. Ved å tilføre tilrettelegging for fritidsfiske og badeplassar opnar ein kanskje opp for fleire mindre tiltak i regi same aktivitetar, t.d. stupebrett, antisklimatter, redningsbøyer osv.

Nr 11: Forskrift om tilskot til fiskeformål**I § 3 (Krav til søknaden)**

Vi går ut frå at det er fylkesmannen og ikkje fylkeskommunen som skal vere søknadsmottakar for tiltak av lokal karakter, jf. oppgåvefordelinga mellom fylkesmann og fylkeskommune.

Nr 12: Forskrift om tilskot til lokale vilttiltak**§ 2 (Tildelingskriteria)**

Ser vi på forskrifta åleine, har vi ikkje spesielle merknader til tildelingskriteria. Vi ser likevel at det har skjedd ein del endringar av kriteria over tid. Blant anna har kommunane kome inn som søkjar/tilskotsmottakar (frå 2013), og fylkesmannen fekk frå 2013 trekt ut midlar frå post 71 til post 21 for sjølv å kjøpe oppdrag frå andre, jf. Prop. 1 S side 90. I proposisjonen der er det streka under at post 21 og post 71 må sjåast i samanheng dersom ein vil ha heilskapen i løyvingane til vilttiltak. I høyringsbrevet er det også vist til Riksrevisjonen sin forvaltningsgjennomgang. Der fann ein blant anna at det var fylkesmenn som tildelte midlar frå underpost 71.3 til seg sjølv (utan søknad), for kjøp av oppdrag/gjennomføring av tiltak i eigen regi. Fylkeskommunen står igjen som det einaste av viltorgana, jf. viltlova § 4, som ikkje disponerer midlar for kjøp av oppdrag eller gjennomføring av tiltak i eigen regi. Vi føreslår ei formulering i forskrifta som gjer det mogeleg for fylkeskommunen å kunne bruke t.d. inntil 25 % av årleg løyving på tilskotsposten til sjølv å kunne kjøpe oppdrag eller gjennomføre tiltak i eigen regi. Dette innan prioriterte viltformål for å nå nasjonale mål, der det er naturleg at fylkeskommunen har regien, og det ikkje er gode søknader utanfrå. Døme på tiltak kan vere arrangement av seminar for kunnskapsoppbygging for kommunar, og kjøp av faglege utgreiingar og oversikter innan hjorteviltforvaltninga. Vi viser også til forventningsbrev fra departementet, der det t.d. i forventningsbrev for 2010, (også vedlagt forventningsbrev for 2011 og 2012), var lista opp mange konkrete oppgåver for fylkeskommunen under viltforvaltninga, t.d. ansvar for viltdata knytt til jaktbare viltarter, der fylkeskommunen sjølv kunne initiere viltkartlegging i kommunane og/eller støtte kommunane sine eigeninitierte kartleggingar. Ser ein såleis på forskrifta som ein del av heilskapen, kan det kanskje vere ei forenkling å opne for at fylkeskommunen der kan bruke litt av midlane under tilskotsordninga i eigen regi for å løyse oppgåver som følgjer av forvaltingsreforma.

§ 3 (Krav til søknaden)

- Berre fylkeskommunen og Miljødirektoratet er ført opp som søknadsmottakarar, ikkje fylkesmannen. Ifølgje rundskriv T-1/13 («*Tilskot til viltformål (Kap. 1425 post 71)*») skal søknader om haustbare viltarter, unnateke villrein, grågås og kortnebbgås, adresserast til fylkeskommunen, mens søknader om ikkje haustbare viltarter og villrein, grågås og kortnebbgås skal adresserast til fylkesmannen. Vi går her ut frå at fylkesmannen skal vere søknadsmottakar som før.
- Det står at fylkesmannen og Miljødirektoratet kan be om utfyllande opplysningar som er nødvendige for å behandle søknaden. Vi går ut frå at også fylkeskommunen kan be om utfyllande opplysningar, og ber difor om at fylkeskommunen vert lagt til. For heller ikkje i fylkeskommunen kan det gjerast gode søknadsvurderingar når søknader er mangelfulle.
- I Prop. 1 S (2013-2014), under kap. 1425 underpost 71.3 Lokale vilttiltak m.v. (side 91), er det påpeikt krav om god samordning av bruken av midlane mellom fylkesmannen og fylkeskommunen. Søknader under underpost 71.3 kan vere stila til både fylkesmann, fylkeskommune og

Miljødirektoratet, t.d. søknader frå NJFF om tilskot til tiltak som omfattar både vilt, friluftsliv og fisk, eller søknader frå Norsk Ornitologisk Forening som omfattar fugleteljingar av både haustbare og ikkje haustbare artar. Sjølv om slike søknader no skal vere spesifisert på dei enkelte prosjekt, vil det framleis bli behov for mykje samordning under søknadsbehandlings mellom fylkesmannen og fylkeskommunen. Eitt enkelt tiltak som kunne ha gjort den samordna sakshandsaminga vesentleg enklare og meir effektiv var om alle søknadmottakarar hadde hatt lesetilgang til alle søknader i heile søknadsdatabasen. I dag har fylkeskommunen berre lesetilgang til søknader sendt til fylkeskommunen i eige fylke. Før 2013 var det også frist 15. mars for svar til søkjane. Vi går ut frå at fristen for tilbakemelding er teken ut etter ei vurdering.

Andre merknader

Statlege tileigningar, bandlegging av friluftslivsområde (Kap. 1420 post 30)

Fylkeskommunen er søknadmottakar under tilskotsordninga *Statlege tileigningar, bandlegging av friluftslivsområde (Kap. 1420 post 30)*, jf. Rundskriv T-1/13. Vi ser at det ikkje ligg føre forslag til forskrift.

Med helsing

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakshandsamarar:
Eirik Knive, rådgjevar friluftsliv
Jomar Ragnhildstveit, rådgjevar vilt